

Reglar for tilståing av møtegodtgjering, refusjon for tap i arbeidsinntekt m.m.

Vedteke av Austevoll kommunestyre i møte 8. november 2011, sak 137/11.

1. Møtegodtgjering pr. møte

Møtegodtgjering for valperioden vert sett til 1 promille av ordførar si løn (ca 700,-) pr møte for deltaking i møter, styrer, råd, utval og nemnder valde av formannskap eller kommunestyre, og ad-hoc-utval valde av kommunestyre eller formannskap. Møtegodtgjeringa vert runda av til nærmaste 50,-.

2. Refusjon for tap i arbeidsinntekt/utgifter til vikar m.m.

Det vert refundert legitimert tapt arbeidsforteneste avgrensa til maksimum kr. 2.000,- pr. dag. Innanfor denne maksimumsummen blir det og gjeve eventuell refusjon for utgifter til vikar m.m.

Tilsette i Austevoll kommune får finansiert tapt arbeidsforteneste gjennom folkevalgtordninga.

Frist for innsending av krav etter dette punktet er 3 mnd. etter at møtet er halde.

3. Føring av frammøteskjema

For kvar nemnd skal det førast møtebok. Leiaren skal sjå til at det vert gjort. I den skal førast opp når møtet tek til og når det slutter, kven som møter og dei vedtaka som vart gjort. Minst ein gong for året skal leiaren føra opp på fastsett skjema eit oversyn over dei møter som har vore haldne og kven som har møtt og sende det over til tilvisande myndighet.

4. Godtgjersle til ordførar

Godtgjersle til ordførar vert sett lik stortingsrepresentantgodtgjersle og ellers ordningar som i dag (pensjon osv) og i tråd med KS sine anbefalingar. Etterløn vert innført med inntil 3 mnd utan nytt arbeid.

5. Godtgjersle til varaordførar

Varaordførar får 25% av ordførar si godtgjersle.

6. Leiargodtgjering

Leiar for utval for helse og sosial omsorg og utval for oppvekst og kultur får 5% av ordførar si godtgjersle.

Kontrollutvalet, eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonevne og viltnemnda sin leiar får 1% av ordførar si godtgjersle.

7. Dekking av utgifter til barnepass

Folkevalde som har omsorgsansvar får eit tillegg på kr. 25,- pr. time for 1. barn, kr. 40,- pr. time for 2. barn, kr. 50,- pr. time for 3. barn og kr. 55,- pr. time for 4. barn i tillegg til vanleg møtegodtgjering basert på dokumentasjon av utgifter til barnepass.

8. Vurdering av regelverk

Desse reglane/satsane vert gjort gjeldande for valperioden 2011 – 2015 og fram til satsane evt. vert endra.